

Grunneigarar
Naboar
Offentlege og private høyringsinstansar

Dykkar ref.:

Vår ref.:


52307855/52307855_plansak_oppstartsmelding_161123.docx

Dato:

2023-11-16

► VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN HAUGABØ

I samsvar med plan - og bygningslova § 12 – 8 varslar ein med dette om igangsetjing av arbeid med privat detaljreguleringsplan området Haugateigen Voss herad for eigedomane gbnr. 193/91, 193/140, 193/141 og del av gbnr. 191/88 og 191/90. Jf. vedlagt kart med planavgrensing.



Det vert samstundes varsla om forhandlingar om utbyggingsavtale (jf. PBL kap. 17) mellom Voss herad og tiltakshavar Haugabø AS. Vidare varslast det om parallell handsaming av rammesøknad (jf. PBL § 1-7)

Planområdet

Området er i kommuneplan avsett til bustadføremål og i reguleringsplan for Bryn og Lid (frå 1993) avsett til bustadføremål. Dette er såleis grunnlaget for reguleringsarbeidet. Planområdet har eit samla areal på 6160 m². Området er vend nordvest og har stigning i terrenget retning søraust. Området er utbygd med einbustader og nokre tomannsbustader. Historisk byrja utbygginga i området på 50 talet og har utvikla seg til i dag. Planavgrensinga er vist i vedlagte kart med plangrense. Plangrensa kan bli justert undervegs.

Føremål

Hovudføremålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for oppføring av to bustadhus i rekke med tilhøyrande areal til parkering og ute opphald. Nye bustader i 2 plan lagt inn i terrenget med uteareal på framside og oppside. Grunna stigninga i tomte vil bustadhusa ligge høgare i terrenget enn areala for parkering og tilkomst. Areala som skal byggast på ligg i nordvestleg del av gbnr. 193/91 mot tilkomstveg Haugateigen. Planen er vurdert med omsyn til forskrift om konsekvensutgreiing. Ein har funne at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Forslagstiller og planlegger

Forslagstiller er Haugabø AS ved Øyvind Wæhle (kontaktperson).

Planarbeidet skal utførast av Norconsult Norge AS, kontaktperson er Bård Våge Mossige.

Informasjon og medverknad

For informasjon undervegs i planarbeidet kan det takast kontakt med;

Haugabø AS, Haugateigen 49. Tlf 900 55 524 e-post: oyvind@vossresort.no

Bård Våge Mossige, Regimentsvegen 158. Tlf 922 48 847 e-post: Bard.Vage.Mossige@norconsult.com

Varslingsbrev og annonsetekst kan også finnast på Voss herad si heimeside under kunngjeringar. Her finn du og referat frå oppstartsmøte.

Merknader / innspel til oppstartsmeldinga

Innspel og merknader til planarbeidet kan sendast innan 21.12. 2023 til:

Norconsult Norge AS
Regimentsvegen 158
5705 Voss

Eller på e-post: Bard.Vage.Mossige@norconsult.com

Med vennleg helsing
Norconsult Norge AS

Bård Våge Mossige

Vedlegg;

- Framlegg til planavgrensing
- Utsnitt frå www.vossakart.no reguleringsplan
- Utsnitt frå www.vossakart.no kommuneplan